

RETNINGSLINER FOR SKJENKING AV ALKOHOLHALDIG DRIKK FOR AMBULERANDE LØYVE

Løyvehavar er ansvarleg for at skjenking av alkoholhaldig drikk går føre seg på ein slik måte at reglane i gjeldande lov og forskrift vert overhalde, og at alkoholpolitiske omsyn vert ivareteke.

Løyvehavar må fyrst og fremst sjå til at det ikkje skjenkast alkoholhaldig drikk til for unge/eller synleg rusa personar, og at det ikkje skjenkast utover den skjnektida som er sett i det løyve som er gjeve.

Bestemmelsane som gjeld for skjenkinga:

- Skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk med mellom 4,76 og 22 volumprosent, og alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent må ikkje skje til peronar under 18 år.
- Skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir må ikkje skje til personar under 20 år.
- Dei same reglane gjeld for den som skjenker alkoholhaldig drikk.
- Alkoholhaldig drikk må ikkje skjenkast til openbart rusa personar, eller på ein slik måte at ein gjest antakeleg vil verte rusa.
- Det må påsjåast at gjestar ikkje nyt medbrakt alkoholvare, og at dei ikkje tek med seg alkoholvarer når dei forlet skjenkelokalet. Løyvehavar pliktar å ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.

Kommunen kan foretake kontroll ved skjenkelokale ved uanmeldt besøk av kommunens kontrollørar. Kontrollørane vil forevise legitimasjon, og dei kan opphalde seg i skjenkelokalet så lenge dette sjåast på som naudsynt for å observere om det er brot på skjenkevedtaket.

Rådmannen

